



Desse borna søkte tilflukt i Damaskus før dei kom vidare, Ikkje alle har vore så heldige (Foto: Mohammed Zaatari, AP)

**Kleinnsamlinga til krigsramma born i Syria er godt igang i regi av Lions i Kvinnherad. Dei fleste barnehagane i kommunen har sagt seg villige til å hjelpe med å formidle kontakt med foreldre. Det har vore ein enorm giverglede i dei kommunar der Lions har aksjonar, seier president i Lions i Kvinnherad, Gianni Rebaudo til uskedalen.no Klede kan leverast inn ved Gamleskulen laurdag 11. oktober frå klokka 10 til 12.**

Alternativet er at dei kan ringa til telefonnummer som står på plakatane, så vert kleda henta. Vil ein veta meir om saka kan ein gå på nettet:  
[www.facebook.com/barnaiarsal](http://www.facebook.com/barnaiarsal).

I april i år var det anslått at nærmare 200000 var drept i konflikten som starta i mars 2011 som fredelege demonstrasjonar. Meir enn 2 millionar har flykta og mange av dei lever under svært rystande tilhøve i flyktningeleirar i grannelanda.

Alle partar vert skulda for overgrep i krigen. Mange meiner no at denne krigen er den verste humanitære katastrofe i verda etter den andre verdskrigen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen